

Årsmelding for Hjartdal historielag 2023

Styret 2023

Svein Bakkalia	leiar
Audun Solberg	nestleiar
Torgunn Opsal	sekretær
Torkild H Mosebø	kasserar
Torkjell Tjønn	styremedlem
Ole G Rue	styremedlem
Olav Langåsдалen	1. varamedlem
Tone Stuvrud	2. varamedlem

Valgkomite: Audun Darrud, Gunvor Prestårhus og Kari Timland

Revisor: Gunvor Prestårhus.

Styret har hatt 8 styremøte sidan siste årsmøte tysdag 7. mars 2023. Varamedlemene har møtt på dei fleste styremøta.

Vi hadde 239 medlemmar i 2023 inkludert 4 æresmedlemmar. Historielaget har aldri hatt så mange medlemmar, 3 fleire enn fjoråret og 16 nye.

Kontingenten var uendra på kr 300,- inkl. gratis årbok.

Rekneskapen er avslutta og revidert pr 31.12.23 med ei omsetning på kr 225 113,79 og eit overskot på kr 14 533,64. Behaldninga er på kr 325 829,03 pluss kr 84 710,80 i tre særrekneskap.

Det har også i år vore stor aktivitet i laget. Vi er godt fornøgd slik årsmeldinga gjer nærmare greie for.

Møter og arrangement

Årsmøtet 2023 blei halde på Menighetshuset i Sauland tysdag 7. mars med 32 medlemmar tilstades.

Etter at årsmøtet var konstituert kunngjorde møteleiaren at Audun Solberg utnemnast til æresmedlem i Hjartdal Historielag. Audun Solberg har m.a. lagt ned eit omfattande arbeid med dei tre husmannsplass-bøkene. Han fekk overrekt eit fint diplom laga av kalligrafen Borghild Telnes og fekk ein velfortent applaus frå forsamlinga.

Årsmelding og rekneskap med budsjett blei gjennomgått og godkjent.

Ingen frå valgkomiteen var til stades så møteleiaren las opp valgkomiteens innstilling.

Desse var på valg: Svein Bakkalia, attvalgt som leiar for 1 år etter eige ønskje.

Styremedlemar: Torkjell Tjønn og Torgunn Opsal, attvalgt for 2 år.

Varamedlemar: Tone Stuvrud attvalgt for 2 år.

Valgkomite: Kari Timland valgt for 2 år. Ho erstatta Ingebjørg Bjørnstad som hadde fråsagt seg attvalg. Audun Darrud attvalgt for 1 år etter eige ønske.

Etter vedtektene konstituerer styret seg sjølv.

Møteleiaren takka Ingebjørg Bjørnstad for arbeidet i valgkomiteen. Ho var ikkje til stades og fekk blomster ved eit seinare høve.

Etter pausa heldt Annfrid Berget Haukeland eit interessant foredrag om Torgeir Augundson, betre kjent som Myllarguten, ein av 1800-talets meisterspelemenn. Ho er forfattar av boka *Myllarguten. Livet, legenden, medspillerne*. Foredragshaldaren som sjølv er i slekt med Myllaren, tok for seg livshistoria frå han var fødd i Sauherad til han døydde på Øygarden i Arabygdi.

Svein Bakkalia takka foredragshaldaren for eit godt foredrag. Ho fekk fortent applaus og blomster for innsatsen.

Bygdekvelden 18. april blei ein vellykka og godt besøkt kveld med over 50 frammøtte. Møtet var eit samarbeid med Sauland bygdekvinnelag, der Thorbjørn Aamaas fortalde frå boka si *Johannes Herleiksplass - Liv og dikt*. Dagbøkene til svigerfaren avslørte ukjente sider som skribent, filosof og diktar. Hjartdalskoret song, Gudrun Bø las dikt og bygdekvinnelaget servera kaffi og kakur.

Tur til Rjukan. For å gjere litt stas på alle som har verv i laget vårt, var rundt 20 styremedlemmar og tillitsvalgte invitert på tur til Rjukan 19. juni. 10 av desse meldte seg på og blei med på omvisning og foredrag i Det røde bibliotek i Rjukan folkeboksamling. Etterpå var det lunsjtallerken og besøk i tungtvasskjellaren på Vemork, der vi fekk sjå ein interaktiv presentasjon av sabotasjeaksjonen under krigen.

Slåttefestivalen i Hjartdal blei avvikla 10.juni og Byggedagen i Sauland den 3. september. Historielaget var til stades begge stader med eigen salgbod. I Tuddal blei det heller ikkje i år avvikla bygdedag, men vi hadde boksalg på julemessa i Tuddal 2. desember.

Lanseringsmøte av Årbok 2021-2023 på biblioteket torsdag 16.11.23 var vellykka. 40 personar møtte opp til presentasjon av artiklar av Thorbjørn Aamaas, Audun Solberg, Olav Tho og Leif Skoje. Eit fint program med song av Wenche Odden og servering av kaker og kaffi.

Juleavslutning. 12. desember var æresmedlemmar og alle med verv i historielaget invitert saman med ektefellar til ei uformell avslutning før jul. Thorbjørn Aamaas heldt eit fint og tankevekkande kåseri og May Britt Pedersen las frå *Unger er rare* av Alf Prøysen. 17 personar fekk servert god mat til ei roleg stund og ein triveleg prat før jul.

Årboka, Hjartdalskalenderen 2023 og Kontaktbladet

Årbok 2021-2023 kom endeleg ut på nytt etter opphald dei to åra husmannsplassbøkene for Tuddal og Hjartdal kom ut. Årbøkene er ein berebjelke i historielagets arbeid med lokalhistorie, og får gode tilbakemeldingar.

Telen hadde eit bra oppslag om ei fin og variert årbok. Alle medlemar har fått boka gratis og salget har gått bra. Det er nå berre om lag 30 bøker att av opplaget på 400.

Astrid Granlund, Thorbjørn Aamaas, Torgunn Opsal og Leif Skoje har vore med i årbokkomiteen.

Hjartdalskalenderen 2024. Kalenderkomite har som førre året vore Kjetil Frøland, Ivar T Dahl, Tone Stuvrud, Tor Djupedal, Gunvor Prestårhus, Leif Skoje og Svein Bakkalia. Montessorri skulane i Tuddal og Hjartdal og Sauland Ungdomslag tok seg av dørsalget der spesielt Hjartdal utmerka seg med eit bra salg i år. Kalenderen blei selt i butikkane og i bokhandelen på Tuven for kr 100, same pris som før og med provisjon på kr 30. Opplaget var på 600 og salget går med eit bra overskot.

Kontaktblad for Hjartdal historielag nr 54-2023 blei også i år delt ut til alle hustandar i juni, saman med innbetalingsblankett for medlemskontingenten. Bladet var i fargar og på 12 sider. Innhaldet var m.a. om våravslutning på Tjønnås økogard og lanseringa av husmannsplassboka for Hjartdal i 2022, om bygdekvalden med Thorbjørn Aamaas, artikkel om den gamle hovudvegen gjennom Sauland og Hjartdal og årsmøtet med foredrag om Myllarguten. Leif Skoje gjorde som vanleg eit solid arbeid som redaktør av bladet.

Kulturminna

Kommunestyret vedtok å utgreie kostnadane med ein kulturmiljøplan i desember 2019 og vedtok planprogram i mai 2021. Arbeidet har tatt mykje lengre tid enn planlagt pga liten kapasitet i kommuneadministrasjonen.

Arbeidet er nå reorganisert og Helle Solberg er utpeika til ny prosjektleiar, og Ingvild Buen Garnås ved Kulturlandskapscenteret er engasjert til å slutføre skrivinga av planen.

Fylkeskommunen har løyvd kr 100 000 ekstra for å koste dette. Kommunen har i alt fått kr 200 000 i støtte til arbeidet med Kulturmiljøplanen.

Historielaget har tre deltakarar med i arbeidsgruppa, Ingunn Hovde, Audun Solberg og Svein Bakkalia. Arbeidsgruppa hadde møte 1.2.24 og hadde da ikkje vore samla sidan i mars 2022.

Vi har levert inn utkast til eit kapittel om *Vegar og ferdsel i tidlegare tider*.

Kulturminnefondet

Annonce for historielagets kulturminnefond blei sett inn i Bygdebladet tidleg i mars 2023 med frist for søknadar 1.juni. Det kom inn 3 søknader som blei innvilga og utbetalt slik: Hjartdal Gammalteknisk Forening kr 5000 til restaurering av ein Ford traktor 9N 1940 mod med vedgenerator, Tjønnås økogard kr 4000 til infoskilt og kr 6000 til datering av slaggområde ved Åsen i Tuddal.

Fondets saldo er pr 31.12.23 på kr 38784,36.

Lokalhistorisk arkiv

Arkivgruppa med Torkjell Tjønn, Tone Stuvrud, Torgunn Opsal, Torkel Hytta, Leif Skoje og Svein Bakkalia har vore samla ein gong i månaden dei tre siste åra. Grovsortering i nummererte arkivboksar er nå ferdig, og arkivet blei offisielt åpna 15. februar av leiar for utval for Levekår og kultur, Audun Dølen. Arkivet består av dokumentarkiv, fotoarkiv, lyd og

filmarkiv pluss boksamling. Alt er oppført på data og vil bli lagt ut på historielagets heimeside.

Mølla-ny bruk

Frøydis H Skoje og Torkild O Mosebø er historielagets representantar i styret for stiftinga Mølla-ny bruk for perioden 2023-2024. Erling Wang er kommunens representant. Stiftingas årsmelding og rekneskap for 2022 er lagt fram for historielagets styre og tatt til orientering.

Kommunestyret vedtok i desember 2019 å løyve pengar til eit prosjekt leia av Norsk Industriarbeidermuseum (NIA), der framtida til mølla skulle utgreiast.

Etter at trepartsavtala mellom NIA, kommunen og Stiftelsen-ny bruk blei underteikna i juni 2020 blei avtaleteksten endra i ettertid utan at stiftelsen blei informert. Stiftelsen blei ikkje kjent med endringa før i oktober 2022.

Arbeidet med prosjektrapporten blei kraftig forsinka og starta først opp hausten 2022 og ferdigstilt av NIA i mars 2023.

Vi hadde størst forventningar til spørsmålet om finansiering. Rapporten er her informativ, men til liten hjelp i arbeidet vidare. Rapportens tilstandsvurdering av bygningen er grundig og nyttig, men vektinga av verdien av mølla verkar subjektiv og utan nærmare grunngeving.

Andre saker

- *Husmannsplassbøkene for Sauland og Tuddal* blei trykt opp i nytt opplag på 50 stk for kvar av bøkene. Desse har vore i salg frå hausten 2023. Vi har fått inn inntekter pr 31.12.23 for 9 Saulandsbøker med samla salg 2019-2023 på 366 bøker. Inntekt på Tuddalsboka for 7 bøker og samla salg 180 bøker, i tillegg kjem gratisbøkene til medlemane.

- *Stulane i Ståldalen*. 21. juni 2023 blei det oppretta ei prosjektgruppe for bevaring av stulsbuene i Ståldalen med Tore Gunnar Bratsberg som kontaktperson. Historielaget tok hausten 2021 initiativ til bevaring av dette stulsmiljøet. Det blei foretatt ei befaring med grunneigarane og historielaget løyvde kr 10 000 til ein tilstandsrapport med kostnadsoverslag. Rapporten var ferdig i januar 2022.

- *Astrid Granlund* har starta opp med opplæring på lay out programmet InDesign noko som vil bli ei kjærkomen avlastning for Leif Skoje i arbeidet med årbøker og publikasjonar.

- *Økonomisk støtte*.

Historielaget har fått økonomisk støtte frå Hjartdal kommune på kr 5 000 i kulturmidlar og kr 8 000 samla frå Hjartdalbanken, kr 5000 etter ordinær søknad og kr 3000 i julegåve. Grasrotandelen frå Norsk Tipping var ca kr 4 900.

- *Sosiale medier*

Historielaget har ei fast nettside med informasjon. Det blir også lagt ut bilde, meldingar om arrangement m.v. på sidene våre på facebook.

Styret i Hjartdal historielag
Svein Bakkalia leiar